

Høyringsfråsegn vedr. søknadar om løyve til bygging av småkraftverk i Flora Kommune, Sogn og Fjordane.

Det er totalt 10 søknadar i kommunen, men Norddalsfjord Bondelag ynskjer å uttale seg om dei 5 søknadane som ligg i området som Norddalsfjord Bondelag dekker. Det er fylgjande småkraftverk:

- Grønskredvatnet kraftverk
- Hestedalsvatnet kraftverk
- Klauva kraftverk
- Litlevatnet kraftverk
- Myrbærdalen kraftverk

Norrdalsfjord Bondelag ser positivt på desse 5 søknadane då det vil skape aktivitet med ringverknadar i bygda og omegn. Det vil også styrke næringsgrunnlaget for grunneigarane. Vår positive innstilling forutset at utbygger og grunneigarar kjem fram til avtaler som kan godtakast av begge partar, dersom dette ikkje alt foreligg.

I forhold til tidlegare omsøkt Pollenutbygging er Litlevatnet kraftverk eit mykje betre alternativ då Norddalselva ikkje vert tørrlagd slik utbygginga no er omsøkt.

Sogn og Fjordane Energi Produksjon AS er søker for alle 4 småkraftverka i sjølve bygda Norddalsfjorden. Norddalsfjord Bondelag synes det hadde vore naturleg om dei hadde vore med og finansiert veglys i bygda når dei gjer så store tiltak med småkraftutbygging i nærområdet.

Norrdalsfjord Bondelag

Per Inge Midtbø
- leiar -